

BOMPENGEAVGIFT FOR NULLUTSLEPPS- KØYRETØY I FØRDEPAKKEN



I tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017–2018) og lokale vedtak vert det innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Førdepakken. Nullutsleppskøyretøy er ei fellesnemning på elkøyretøy og hydrogenkøyretøy. Rabatterte takstar for nullutsleppskøyretøy krev gyldig avtale og elektronisk brikke. Utan avtale og elektronisk brikke, vil nullutsleppskøyretøy bli belasta ordinær takst på linje med andre køyretøy utan gyldig avtale og elektronisk brikke.

Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og brikke skal betale 50 prosent av ordinær bompengetakst etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 med gyldig avtale og brikke skal inntil vidare ikkje betale bompengar.

Frå 1. september 2019 blir takstane for Førdepakken som følgjer:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Ordinære køyretøy utan avtale	Kr 26,00	Kr 47,00
Nullutsleppskøyretøy med gyldig avtale og brikke	Kr 10,40	Kr 0,00

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Førdepakken med nullutsleppskøyretøy.

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Eksisterande timesregel og passeringstak for Førdepakken vert vidareført.

Fritak frå betaling av bompengar blir gjeve etter gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt.

For meir informasjon: www.ferde.no

Ein kan klage på takstendringa til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.